



Innspel frå næringslivet i Lom kommune, haust 2021

SVAR PÅ SPØRJEUNDERSØKINGA

AV NÆRINGSSJEF ÅSHILD M. AMUNDSEN

Gjennomføring

- 63 respondentar svarte på undersøkelsen
- Sendt ut på mail til alle næringsaktører i Lom med registrert mailadresse (142 stk).
- Marknadsført i aviser og sosiale media
- Anonymt
- Lagt ut opent på Facebook og heimeside
- Sendt ut tre rundar med purringar via Easyquest



33% fullført

Innspel frå næringslivet i Lom kommune

Lom kommune ynskjer å bli ein meir attraktiv og næringsvennleg kommune. For å bli ein betre samarbeidspartnar treng vi innspel frå næringa. Vi håpar derfor at du kan ta deg tid til å svare.

Undersøkinga tek ca. 5-15 minutt, og vi ber deg om å trykke på vedlagt link til skjemaet.

Spørjeundersøkinga er anonym.

Tusen takk for at du bidreg!

Med vennleg helsing

Lom kommune
v/ næringsjef Åshild Myhre Amundsen, administrasjonssjef Elin Fjeldberg og ordførar Bjarne E. Holø


Forrige Neste

Dette er en anonym besvarelse. Det vil si at utsteder ikke kan koble dine svar mot din identitet.
Powered by EasyQuest


Kven har svart?

- Reiseliv, varehandel, bygg og anlegg og tenesteytande næring er dei bransjane med flest svar
- 40 av 63 bedrifter har vore i drift i meir enn 10 år
- Over 40 bedrifter har mellom 1-5 faste tilsette
- Åtte av dei bedriftene som har svart har over 20 millionar i omsetning og over 10 faste tilsette. Det tyder på at vi har fått svar frå dei største bedriftene (purehelp viser 9 bedrifter med omsetning på over 20 mill. i 2020)

Kva slags bransje driv du i? (du kan sette fleire kryss ved behov)




Gjennomsnittleg årleg omsetning (u.korona)



Aktivitet dei neste åra

- 39 av bedriftene svarar at dei ser for seg auka aktivitet dei neste 5 åra, og berre 2 bedrifter ynskjer å trappe ned
- Blant dei som skal trappe ned er generasjonsskifte og manglande lønnsemd dei viktigaste årsakane

Kva slags planar har du for bedrifta dei neste fem åra?




Aktivitet dei neste åra

- Dei største utfordringane for å auke aktiviteten er:
 - Tilgang på kvalifisert arbeidskraft
 - Lønnsemd
 - Forlenga sesong

Dersom du ser for deg auka aktivitet, kva er viktig for å lykkast med det?
(vel inntil tre alternativ)


Dersom du ser for deg auka aktivitet, kva er viktig for å lykkast med det? (velg inntil tre alternativ)



Næringsareal

- 36 av bedriftene treng ikkje større næringsareal dei neste 5-10 åra
- 6 bedrifter har behov for litt større næringsareal (0-2 daa)
- 2 bedrifter har behov for større næringsareal (2-15 daa)
- 2 bedrifter har behov for betydeleg større (over 15), primært innan landbruket

Kva er viktig dersom di bedrift treng meir næringsareal? (sett inntil tre kryss)



Kva bør kommunen prioritere innan næringsutvikling?


Av svært viktige oppgaver for næringskontoret kjem desse på topp tre:

1. Jobbe for ein meir attraktiv bustadmarknad i Lom (75%)
2. Bistå tilflyttarar og innbyggjarar med å finne hus og jobb (67%)
3. Omdømmebygging og informasjonsarbeid for å tipse om søknadsordningar, frister etc. (67%)

Breiband, infrastruktur, desentralisert utdanning og hjelp til søknadsskriving kjem også høgt opp.

Kommunen har ein eigen ressurs på næring. Kva meiner du denne ressursen bør prioritere, sett opp mot Lomssamfunnet og behova til di bedrift?

Svært viktige oppgaver for næringsressursen (i%)



Kva bør kommunen prioritere innan næringsutvikling?


Av middels viktige oppgåver for næringskontoret kjem desse på topp tre:

1. Arrangere stillingslepp
2. Arrangere kurs med ulike tema
3. Vidareutvikling av Lom nasjonalparklandsby (35%)

Å arrangere fagturar ut av kommunen er det flest som har svart «lite viktig på» - 38%. Elles er det få oppgåver som blir rekna som «lite viktig».

Kommunen har ein eigen ressurs på næring. Kva meiner du denne ressursen bør prioritere, sett opp mot Lomssamfunnet og behova til di bedrift?

Middels viktige oppgåver for næringsjefen i %



Vil du utdjupe?

Alle disse tingene er viktige, men det kan hende ikke alt skal gjøres av egen resurs på næring, om dette bare er en person.

Eg trur det er viktig å utvikle det ein allereie er god på. Det er en tydeleg endring i sesongen for turisme, som eit resultat av økt interesse for toppturar. Det er au viktig å legge til rette for nye satsingar/bedrifter i Lom og ikkje låse seg ved ein tankegang om at turisme er redninga. Er heller ikkje sikker på om hyttefelt er løsningen på dette.

Vere meir synlege for oss bedrifter. Positiv oppsving det siste halvåret! Stillingsleppet er viktig, men å leggje tilrette for nye arbeidsplassar på heilårsbasis må vere det viktigaste målet. Samt at det må opnast opp for meir hyttebyggjing og generell "utnytting av utkantane" i den fine kommuna vår.

Være ei hjelpende hånd i større spørsmål.


Jordbruket kommer ofte i skyggen av alle andre næringer når kommunen markedsfører sine næringer Det er bl.a. flere gårdbrukere som fortsatt driver aktivt seterdrift i Lom Kommune, og dette må man vise fram og være stolt over! Mange næringer i Lom er avhengig av et aktivt jordbruk. Også turismen er avhengig av et aktivt og bærekraftig jordbruk i kommunen. Vi må inkludere jordbrukere, også de som ikke driver tilleggsnæringer.

Utdrag av innspel


Kor nøgd er du med Lom kommune sitt samarbeid med næringslivet – politisk nivå

- 40 av 63 bedrifter har vore i kontakt med politisk nivå mellom 1-5 gonger dei siste tre åra
- 12 oppgir at dei er lite tilfreds, 19 oppgir at dei er tilfreds og 6 oppgir at dei er svært tilfreds med dialogen / hjelpa
- Mange har svart «veit ikkje / ikkje relevant»

Kor mange gonger har du / din bedrift vore i kontakt med politisk nivå dei siste tre åra?




Kor tilfreds er du med dialogen / hjelpa du har fått?




Kor nøgd er du med Lom kommune sitt samarbeid med næringslivet – nærings sjef

- 49 av 63 bedrifter har vore i kontakt med nærings sjefen dei siste tre åra
- 7 oppgir at dei er lite tilfreds, 18 oppgir at dei er tilfreds og 30 oppgir at dei er svært tilfreds med dialogen / hjelpa

Kor mange gonger har du / din bedrift vore i kontakt med nærings sjef dei siste tre åra?




Kor tilfreds er du med dialogen / hjelpa du har fått?




Kor nøgd er du med Lom kommune sitt samarbeid med næringslivet – teknisk / plan / bygg

- 42 av 63 bedrifter har vore i kontakt med teknisk/plan/bygg dei siste tre åra
- 7 oppgir at dei er lite tilfreds, 19 oppgir at dei er tilfreds og 14 oppgir at dei er svært tilfreds med dialogen / hjelpa

Kor mange gonger har du / din bedrift vore i kontakt med teknisk/plan/bygg dei siste tre åra?




Kor tilfreds er du med dialogen / hjelpa du har fått?




Kor nøgd er du med Lom kommune sitt samarbeid med næringslivet – Utgard

- 23 av 63 bedrifter har vore i kontakt Utgard dei siste tre åra
- 6 oppgir at dei er lite tilfreds, 11 oppgir at dei er tilfreds og 6 oppgir at dei er svært tilfreds med dialogen / hjelpa.
- Mange har svart «veit ikkje/ ikkje relevant»

Kor mange gonger har du / din bedrift vore i kontakt med Utgard dei siste tre åra?



Kor tilfreds er du med dialogen / hjelpa du har fått?



Vil du utdjupe?

Utdrag av innspel

Veldig god hjelp til sparring, deling av informasjon, søknadsskriving og mye mer.

For lang behandlingstid på byggesøknader. spesielt om hausten, når tida er knapp før vinteren.

Veldig tilfreds med Næringssjef og ordfører sin vilje til å jobbe for viktige politiske samferdselstiltak i kommunene.

Vi har fått veldig god hjelp av næringssjefen i Lom og er godt tilfreds med teknisk/landbruk når det gjeld samarbeidet med Skjåk.

Det hjelp lite med smil(det bør alltid være der uansett), dersom det ikkje er hjelp å få.

Bedrifta vår er særst nøgde med servicen til Lom Kommune, men eg personleg saknar handlekraft i politikken.


Nykomarar i lomssamfunnet må ynskjust velkomne og fylgjast betre opp ! Klager blir ikkje fylgd godt nok opp, t.d. på forsøpling, støy, vedlikehald.

Det tek for lang tid å få svar på brev. Saker blir ikkje følgt opp av den som har saka i kommunen. Servicetorg telefontid fra 10 er uheldig. Bør iallefall vere fra kl 0900.

Oss ha vore tilfredse på alle nivå oss ha bede om hjelp.

Bør Lom kommune samarbeide meir på tvers av kommunegrenser når det gjeld næringsutvikling?


- 45 av 63 bedrifter har svart at Lom bør samarbeide meir enn vi gjer i dag.
- Berre 3 bedrifter har svart nei, mens 13 bedrifter er usikre



Kva meiner du er viktig for at Lom skal vere eit attraktivt lokalsamfunn i framtida?

- Eit godt bustadtilbod og arbeidsplassar er det **flest** bedrifter meiner er svært viktig.
- Men også helse/oppvekst, inkludering, beredskap, fritidstilbod og breiband blir vurdert som svært viktig av over halvparten

Kva er viktig for at Lom skal bli ein attraktiv og levedyktig lokalsamfunn?



Kva meiner du er Lom og/ eller Nord-Gudbrandsdalen sine største konkurransefortrinn?

Utdrag av innspel

Lokal verdiskaping gjennom mange små og mellomstore bedrifter - der fokuset på kvalitet er satt høgare enn kvantitet. Ein treng sjølvstekt ei god balanse, men utgangspunktet i å skape opplevingar med kvalitet bidreg til at ein tek ekstra godt vare på dei besøkande. Dette brer om seg og bidreg til at mange både kjem att og pratar positivt om område til vener og bekjente.

Naturen, all stå-på-vilja blant gründerar, samt at sansen for kultur og tradisjon ligg i botnen for vårt solide varemerkje! Vi har ordet på oss for å vera trauste og solide, det må vi fortsetja med.

Samfunnet vårt er lite nok til at vi kan klare å jobbe sammen på tvers av alt for å utvikle bygda vår til et bedre sted for flere. Det er menneskene som har valgt å bo og jobbe i Lom som er fordelene, naturen får vi på kjøpet.

Frisk og sunn luft uten eksos og røyk Naturen Uendelig potensiale for utvikling Fortsatt ganske aktivt og mangfoldig landbruk Bærekraftig landbruk med aktivt beitebruk av forskjellige dyreslag Ligger sentrert mellom storbyene Stort trykk av turisme om sommeren, og sesongene utvider seg

Turistattraksjonar som vi allereie har. Men dette er vel ikkje kommune/næringssjef si fortjeneste. Kyrkja er der, Bakeriet er der, Briminamnet er der. Dette kan fort snu, og kva har Lom da? Fjell, men dei har og alltid vore her. Mao. Vi må begynne å skape noko, og Jotunheimen kan trekkje folk som legg att pengar.

Fjell Nasjonalpark Gastronomi Fjellsenteret Folket og identiteten

Naturen og særegenheten tilhøyrande denne. Lite hytteutbygging har ikkje øydelagd naturperler. Topptur-eldorado.

Natur utan mange store inngrep vil bli eit stort fortrinn framover. Næringsliv/reiseliv med lokal tilknytning og eigarskap gir særpreg og identitet. Eit framleis intakt landbruksmiljø.

Naturen, turismen, bra bredde i varehandelen, mange serveringssteder, flott idrettsanlegg.

Er det noko du saknar i Lom / Nord-Gudbrandsdalen?

Utdrag av innspel

Meir samarbeid med resten av regionen og Nasjonalparkriket. Lom og Visit Jotunheimen står veldig sterkt åleine, men ei meir heilskapleg formidling og løfting av området trur eg berre kan bidra positivt.

Fleire heilårsarbeidsplasser.

Meir forpliktande samarbeid kommunane i mellom. Bli meir synlege nasjonalt og internasjonalt.

Muligheter for å bygge seg hytte for dem som bor i kommunen.

Renovasjonsordning som fungerer, både for næring i sentrum og på fjellet.

Vilje til nytenkning. Positiv vilje til å møte framande.

Kapitaltilførsel for oppstart av nye virksomheter Få gründere utover etablering av egen arbeidsplass

At kommuna er ein aktiv part for å legge til rette for idrett og friluftsliv

Visjonære aktivitetar. Få oppgradert utkanten av Lom sentrum Vi burde ha ei veke i okt der vi stengjer dalen for andre råvarer enn dei vi sjølve har. Vilje til å endre ein del i sentrum mot framtida. Som feks busstopp

Det skjer alt for lite vinterhalvåret, det meste stenges ned, og det er ikke bra får vi som bor her hele året.

Rausheit for kvarandre, at vi greier å sjå ut over eiga kommune. Framsnakking

Flyplass. Bygg småflyplass på Liasanden!

Infrastruktur for å komme hit.


Kva slags næringer bør Lom satse på i framtida?

Dei næringane som får flest stemmer i kategorien «svært viktig» er landbruk og reiseliv på delt «fyrsteplass».

Digitale arbeidsplassar (t.d. finans, kommunikasjon) får tredjeplassen.

Deretter er det ganske jamt mellom bygg-og anlegg, varehandel og personleg tenesteyting, før industri og transport.

Det er få som meiner at bergverksdrift er svært viktig.



Har du valgt
kategorien «anna»
på førre spørsmål,
utdjup gjerne her:

Utdrag av innspel

Utvikling av nye skule- og utdanningstilbod, gjerne som "lærlingar" innan naturfag/guiding.

Vi må satse på etablering av ein stor statleg innstans som genererer heilårs arbeidsplassar, samt auka generell aktivitet. Rune Øygaard fekk NAV registerkontroll til Vågå, det er ikkje umogleg for Lom å prøve noko tilsvarende.

For å få heimatt ungdommen som har teki utdanning MÅ det satses på ulike yrker.

Høgskole og høyskolerte arbeidsplasser

Skule. Utdanning i Reiseliv. Servitør. Kokk, må nok bli ein privatskule på slikt. Einaste som kan rekrutere godt nok

Brenn du inne med noko, ris eller ros?

Utdrag av innspel

Kommunen må bli flinkare til å følgje opp saker både politisk og administrativt. Trenering av saker har ført og vil føre til at prosjekt som kan skape arbeidsplassar som krev høg kompetanse ikkje blir realiserte. Særleg bør politisk leiing skjerpe seg når det gjeld å gjennomføre saker.

Kommunen må håndheve bo og driveplikt, dette er særst viktig. Jeg vet arbeidet har startet. Savner handlekraft på dette punktet.

Viktig med etablering av kontorfelleskap / HUB.

Det hadde vært trivelig med et "penere" industrifelt bygda vår. Drømmen hadde vært et industrifelt hvor bedrifter ville ønsket å bygge eller leie lokale i. Et sted hvor det var vakkert, som omgivelsene våre, og som ønsker folk velkommen når de kjører inn. Det skulle være vakkert å se fra veien, og bilder av området skulle selge lom som sted for din bedrift.

Ingen ting det går sin vante gang ingen muligheter her i Lom dessverre

Skulle vore interkommunal teneste Om/Skjåk/Vågå, sikre fagmiljø og kanskje meir spisskompetanse.

Vi har eit kjempepotensiale, men vert i mange tilfelle "sperra" frå høgare hald. Skal vi oppnå ei stabil folketalsutvikling må vi ta problemet/utfordringa ved rota: leggje tilrette for å SKAPE ARBEIDSPlassAR og vakte oss for å "vernast ihjel" Landbruket spelar ei viktig rolle i kommunane i Ottadalen, samt at vi må få LJOS I ALLE GLAS (handheve buplikta til vi oppnår målet) og helst også "NYE GLAS" Eg veit at ikkje nokon kan trylle, men vi har etter mi meining eit kjempepotensiale, berre vi "legg hovuda saman" og tek godt vare på folk som ynskjer å skape noko, samt at vi lyttar til dei som kjem med ljose idear! Vi må vakte oss for at ikkje jantelova drep utviklingspotensialet i bygda vår

For å få til ei enda betre samfunnsutvikling trur oss at alle næringer må føle seg inkludert. Ellers vil vi til slutt gje dykk ros, da oss ha kunna teki opp ting og fått god hjelp.

Ser det er diskusjon om hyttebygging, det må absolutt bli utvikling på det området. Helt meningsløst med all motstand folk har mot dette, det går ikke å få Lom Kommune til å overleve med vern av all ting, og det må kunne gjøres sammen med beitedyr.

Brenn du inne med noko, ris eller ros?

Utdrag av innspel

Lokalbankens monopol er nok største bremsen på næring og bustadutvikling i Lom og Skjåk. Dei har tilnærmet monopol i markedet. Og det er slett ikkje bra.

Utvikle Lom også som vinterdestinasjon..

Kommuna må skape ein kultur som utfordrar næringslivet på ein god måte. Alle små kommuner har utfordring på nedgang i befolkning. Blir vi utfordra er vi på lag. Er det vi som må utfordra blir vi alle defensive. Lett å skape nye arb. plasser her om vi samhandlar og utfordrar og er einige om kva kvalitet samfunnet skal ha.

Vi må utvide sesongen i reiselivet i Lom. Det er svært viktig å arbeide med. Vi får ikkje kvalifisert arbeidshjelp og heiltids arbeidsplassar og tilflytting om vi ikkje lukkast med det. Potensialet er der nå! Det er det viktigaste kommunen og nærings sjef kan arbeide med nå.

Stort sett tilfreds med det som vert gjort

Lom kommune bør få betre fram at det er greitt å bu også i utkantane og ikkje berre i Lom sentrum. Lom kommune bør snarast regulere området som er tiltenkt Gondolbane/skiløype i Bøverdalen til næringsføremål før alt blir freda. Fredinga i Lom har alt gått for langt.

Utgard må utnyttast betre. Felles nærings sjef for Nordalen. Kanskje lokalisert i Region, Regionkontoret. Treng ikkje i kvar kommune. Må få inn meir kompetanse.